

Referat – tysk – 140912

Til stades: Sissel Lægreid, Kjetil Berg Henjum, Karl Ekroll, Jan Paul Pietzuch, Tor Jan Ropeid, Michael Grote, Espen Ingebrigtsen, Anna Heermann, Anders Bratteli (studentrepr.), Ayla Vedå (studentrepr.), Hilde Haaland-Kramer, Guro Sandnes (ref.)

Forfall: Werner Koller

Møtetid: 12.15-14.00

Møtestad: rom 305, HF-bygget

Orienteringssaker:

- Kjetil Henjum rapporterte frå møte i UUI, der det m.a. blei foreslått å gjere om på orienteringsmøta. Nokre møter kan vurderast fjerna, medan andre kan slåast saman. Fagmiljøa bør kome meir på banen, medan studiekonsulentane kanskje kan ha ei mindre rolle. Anders Bratteli foreslår å legge ut meir informasjon om innhald i emna på emna sine heimesider i Mi side eller på www.uib.no, og at ein kan informere betre om ideelle fagkombinasjonar i ein bachelorgrad på orienteringsmøte for nye bachelorstudentar.
- Kjetil Henjum og Guro Sandnes orienterte kort om PEK (Program for evaluering og kvalitetsutvikling 2013), der ei arbeidsgruppe har skrive ein søknad om midlar til rekrutteringstiltak.
- Guro Sandnes orienterte kort om karrieredag for språkstudentane 26. september og alumnustreff 28. september.
- Emnerapportar: Det blei vedtatt at emneansvarlege på emna som går i inneverande semester, skal levere emnerapportar i januar/februar 2013.
- Sissel Lægreid rapporterte frå møtet i SAK (tysk og fransk). På møtet blei det vedtatt å bruke den digitale plattformen Adobe Connect til undervisning i dei tre nye nettbaserte masteremna som skal opprettast i tysk og fransk i samarbeid med NTNU. Første semester skal IF ha ansvar for tysk litteratur, medan IFS ved NTNU har ansvar for tysk språk.
- NBGT- publikasjon. Jan Paul Pietzuch orienterte om planane om å gi ut ein konferansepublikasjon frå NBGT. Det er ønskje om å setje opp ein *peer review*. Sissel Lægreid vil skrive ein søknad om midlar til det.

Diskusjonssaker:

A. Forslag til omorganisering av bachelorgraden.

Hilde Haaland-Kramer orienterte om dekanatet sitt forslag til omorganisering av bachelorgraden.

- Problemet med bachelorgraden slik den er i dag:
 1. Det er vanskeleg å starte med fag 2, sidan 200-nivået berre blir tilbode på vårsemesteret, medan alle fag ved IF (100-nivå) også har oppstart på vårsemesteret. På den måten får ein ikkje starta direkte på fag 2 etter fullført 200-nivå i fag 1.
 2. Det humanistiske fakultet er det einaste fakultetet som framleis har obligatoriske førstesemesteremne på til saman 30 studiepoeng. Andre fakultet har berre 20 studiepoeng førstesemesteremne. I det nye forslaget er førstesemesteremna på 20 studiepoeng, og ansvaret for emna skal ligge under institutta.
 3. Som ein følgje av punkt 2, byrjar ein med sjølv faget ein har valt å studere først i 2. semester av graden.
- Innvendingar mot ny bachelorgrad:
 1. Ein kan anbefale å ta 200-emne i 6. semester innanfor dagens system, slik at ein unngår problemet med å vente eit semester på å starte med fag 2.
 2. Oppdeling av ex.fac. I det nye forslaget er det gitt rom for 15 studiepoeng førstesemesteremne i 1. semester (10 sp. ex.phil og 5 sp. ex.fac), medan det siste emnet på 5 sp. ex.fac er plassert i 3. semester. Dette for å gi rom for 15 sp. språk 1 i 1. semester, medan eit ex.fac-emne på 5 sp. er lagt til 3. semester. Innvendinga er å legge eit ex.fac-emne i 3. semester, sidan studentane då skal vere på eit høgare akademisk nivå. Hilde Haaland-Kramer svarar at sidan ex.fac blir instituttet sitt ansvar, så kan ein opprette eit emne som har som mål å førebu til skiving av bacheloroppgåva.
- TYS100:

Tysk har allereie søkt om oppretting av eit innføringskurs i tysk, men søknaden blei sett på vent i og med forslaget om ny grad frå dekanatet. Dersom saka blir utsett, må det presiserast i instituttet sitt svar på forslaget at tysk ønskjer oppstart av innføringsemnet hausten 2013.

B. Programsensorar

Heinz-Peter Prell ved UiO og Marie-Theres Federhofer ved UiT skal oppnemnast som programsensorar for tysk ved UiB. Programsensorane blir oppnemnde for fire år og skal skrive fire rapportar i løpet av denne tida, i dei to disiplinane språk og kultur/litteratur. Programstyret utarbeidde eit forslag til ein plan for perioden:

2013: Programsensorane skal gå gjennom eksamensoppgåver på 100- og 200-nivået, og sjå på nivå, og nivået med omsyn til læringsutbyteomtar, og eksamensformer.

2014: Besøk ved instituttet. Tyskfaget vil be programsensorane gå gjennom læringsmiljø, internasjonalisering, fråfall, og heilskapen i faget.

Administrasjonen vil i tillegg foreslå evalueringar av emne på 100- og 200-nivå.

C. Den europeiske språkdagen 2013

Den europeiske språkdagen går av stabelen kvart år den 26. september. I år har instituttet ikkje involvert seg i språkdagen, og det bør vere instituttet si oppgåve å ta ansvar for eit arrangement. Alternativt kan ansvaret alternere mellom faga. Kjetil Henjum tar kontakt med instituttleinga om saken.

Eventuelt:

- Det er ønske om å erstatte Dreistadt, som er brukt i fjernstudiane, med ei ny plattform, og å bygge opp eit nytt fjernkurstilbod. Jan Paul Pietzuch har ansvaret for å førebu ein søknad til NUV Norgesuniversitetet fram mot neste utlysingsrunde.
- Bemanningsplanen: Ifølgje bemanningsplanen skal det lysast ut ei stilling i tysk litteratur. Tysk språk blir førebels ikkje prioritert.
- Instituttet har fått midlar frå UiB sentralt for å gjennomføre eit språkkurs for studentar frå andre fag ved UiB som skal på utveksling til eit tyskspråkleg land. Eit pilotprosjekt for våren 2013 er under planlegging.

1.10.2012

GS